



Statens Vegvesen tilrår at fartsgrænse gjennom sentrum vert sett til 40 km/t. Det gjeld vel 500 meter frå Uskedal bru til skulen/barnehagen.

**I brev til Kvinnherad kommune tilrår Statens Vegvesen at ein set fartsgrænse gjennom sentrum til 40 km/t. Dette vert gjort med bakgrunn i mange meldingar om trafikkfarlege tilhøve i Uskedalen sentrum. Den generelle fartsgrænse i tettbygde strok vert sett til 50 km/t. Statens Vegvesen definerer tettbygd strok frå Eik i sør til Gullholm i nord.**

I høyringsbrevet kjem det fram at Statens Vegvesen har motteke fleire meldingar om trafikkfarlege tilhøve i Uskealen sentrum og ved byggefelta Korsneset og Oस्पeunden.

Vegen er ein del av skulevegen for born som bur i Korsneset- og Ospleunden byggefelt. Det er gang- og sykkelveg/fortau frå byggefelta til skulen. Ved skulen er det gangfelt. Mellom byggefelta er det planlagd tilrettelagd kryssingspunkt med forsterka belysning. I tillegg skal eksisterande vegljøs forlengast om lag 200 meter nordover mot Syne.

Dette er bakgrunnen for at Statens Vagvesen ynskjer ein meir heilskapleg plan for kva som er tettbygd strok og kva fartstrensa bør vera i Uskedalen.

- Tettbygd strok bør definerast langs Fylkesveg 48 frå Eik i sør til Gullholm i nord og nedre del av Uskedalen, til Myklebust på Kjærlandsido og til Øvre Fet på Døsslandsido. Den generelle fartsgrænse her vert sett til 50 km/t.
- Det vert sett særskild fartsgrænse 40 km/t frå Uskedal bru til skulen/barnehagen, ei lengde på 535 meter.

Denne fråsegna er sendt til Kvinnherad kommune, Hordaland Fylkeskommune og Vest Polidistrikt.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det vert tilrådd at fartsgrensa ved byggefelta Korsneset og Ospelunden vert endra frå 60 km/t til 50 km/t.